

# **REGLEMENT FOR FØRING AV MØTEBOK FOR FOLKEVALDE ORGAN**

Fastsett i medhald av Lov om kommuner og fylkeskommuner av 22. juni 2018 § 11-4.

Vedteke av fylkestinget i Møre og Romsdal i møte 14. - 16. oktober 2019, sak T-74/19.

## **§ 1. Kva organ reglementet gjeld for**

Reglementet gjeld for føring av møtebok over forhandlingane i fylkestinget, fylkesutvalet, og andre folkevalde organ oppretta av fylkestinget i medhald av §§ 5-1 og 5-2 i kommunelova eller andre lover.

Arbeidsutval, ad hoc utval o.l som arbeider med ei avgrensa oppgåve, avgjer sjølv om det skal førast møtebok for kvart møte, men omsynet til dokumentasjon og utbetaling av godtgjersle talar for at møtebok blir ført i størst mogleg grad.

Det skal førast ein protokoll for kvar innkalling sjølv om møtet varer over fleire dagar.

## **§ 2. Forside**

Møteboka skal ha ei fast forside der det går fram kva organ det gjeld, møtedato og protokollnummer for året. Vidare skal det gå fram kven som møtte som folkevalde og kven som var deltakande frå administrasjonen, og kven som er sekretariat.

## **§ 3. Opplysningar**

Møteboka skal innehalde opplysning om tidspunkt for møtestart og møteslutt. Dersom nokon av medlemene eller møtande varamedlemer ikkje er til stades under heile møtet, skal tidspunkt for når dei kjem eller går framgå av protokollen. Opplysningar om kven som får permisjon for resten eller deler av møtet og om kven som kjem til, må førast slik at det går fram av protokollen kven som var med på å behandle den enkelte saka.

Vidare skal det opplysast om møtestad, om godkjenning av innkalling og saksliste og ev. andre opplysningar om det som skjer i møtet utanom sjølve saksbehandlinga. Protokollen må også vise kva som vart sendt ut før eller under møtet.

Dersom det blir gjort vedtak om at eit møte skal haldast for lukka dører, skal vedtaket førast i møteboka og heimelen for vedtaket skal framgå. Det same gjeld for vedtak om at ein medlem av organet er inhabil. Blir møtet lukka skal det gå fram av protokollen kven som då er til stades av folkevalde og frå administrasjonen.

Dersom ein representant har meldt seg ut av det partiet han/ho er valt inn for, skal vedkommande protokollast som «Uavhengig». Dette gjeld også om representanten har meldt seg inn i eit anna parti.

## **§ 4. Protokollering av saker**

Sakene skal protokollast i den rekkjefølgje dei blir behandla. Saksnummeret i venstre marg og sakstittelen skal skrivast i feit skrift.

#### *Forslag:*

Alle framsette forslag skal refererast. Dersom forslaget blir trekt attende, avgjer forslagsstillaren om han/ho vil ha det protokollert. Namnet på forslagsstillaren skal gå fram. Er forslaget fremma på vegne av partigruppa eller saman med andre medlemmer, skal dette takast med.

#### *Voteringar:*

Alle voteringar skal i prinsippet protokollert, også prøvevoteringar og førebelse voteringar. Slike voteringar kan likevel utelatast dersom det er semje om det. Eit mindretal vil kunne krevje at slike voteringar skal stå i protokollen. Voteringsmåten må gå fram av møteboka.

Voteringsresultatet må førast slik at det går klart fram om det er forslaget eller tilrådinga som blir vedteke eller ikkje, og om kor mange og frå kva parti som har røysta for og imot.

Det er ikkje naudsynt å protokollere votering over tilrådinga dersom det ikkje er andre framlegg og vedtaket er samrøystes.

#### *Vedtaket:*

Det vedtaket som er fatta etter dei protokollerte voteringane skal protokollert fullt ut i si endelege form til slutt under den enkelte saka.

Det må gå fram om dette er ei tilråding til vidare behandling eller om dette er eit endeleg vedtak.

### **§ 5. Godkjenning av møteboka**

Møtebok over forhandlingane i fylkestinget blir godkjent av fylkesordføraren og to valde medlemmer.

For fylkesutvalet, hovudutvala og dei rådgivande utvala skal møteboka som hovudregel leggjast fram for medlemmane til godkjenning på slutten av møtet.

### **§ 6. Endringar av møteboka**

Det kan ikkje gjerast endringar i møteboka etter at den er godkjent.

Er det naudsynt med seinare endringar eller rettingar etter at møteboka er godkjent, skal dette takast opp i seinare møte og protokollert i møteboka for dette møtet. Den opprinnelege møteboka skal ikkje endrast.

### **§ 7. Offentleggjering**

Møteboka skal i utgangspunktet vere offentleg tilgjengeleg etter reglane i offentleglova.

Protokollering av saksbehandlinga i den lukka delen av møtet bør derfor førast på ein slik måte at heile møteboka kan vere offentleg. Det er ein føresetnad at vedtaka i saker unntatt offentlegheit er anonymisert og formulert slik at vedtaket ikkje inneheld opplysningar underlagt teieplikt.